Saksbehandlar: Arvid Stenehjem
Avdeling: Fylkesrådmannen
Sak nr.: 13/2787-9

# Sjukefråvær 4. kvartal 2013 og årsoversikt 2013

**Fylkesrådmannen rår hovudsamarbeidsutvalet til å gjere slikt vedtak:**

Hovudsamarbeidsutvalet tek statistikken over sjukefråværet til orientering og ber einingane følgje opp dei sjukmelde og arbeide for å identifisere årsaker og finne mottiltak til fråvær som kan vere arbeidsmiljørelaterte.

Vedlegg:
Hovudtabell 4. kvartal 2013
Hovudtabell årsoversikt 2013

## SAKSFRAMSTILLING

### 1. Samandrag

Dei registrerte fråværstala syner ein nedgang i dette kvartalet samanlikna med fjerde kvartal i 2012. Fråværet er lågt. Vi registrerte no ved fjerde kvartal eit samla fråvær på 4,3 %. Dette er som er 0,6 prosentpoeng under regsitreringane frå eitt år tilbake. I høve stabiliseringsmålet på gjennomsnittleg 5 % ligg vi ved dette kvartalet 0,7 prosentpoeng under.

Tre eininga/LAMU-områder rapporterte fråvær over seks prosent i fjerde kvartal. Desse vert som tidlegare beden om ei særskild tilbakemelding til rådmann – jf. sak 09/63-1. Hensikta er at eininga skal kommenterer om fråværet har eller kan ha samanheng med forhold i arbeidsmiljøet og kva tiltak eininga ser for seg kan setjast inn for å motverke slike fråvær.

Årstatistikken syner at det samla sjukefråværet er 5,6 %. Dette er 0,6 prosentpoeng over stabiliseringsmålet.

### 2. Hovudfunn fjerde kvartal

Fråværsstatistikken skal tene som grunnlag for å avdekkje mogelege problem i arbeidsmiljøet. Den kan også bidra til å identifisera arbeidstakarar som treng spesiell oppfølging frå eininga eller med bistand frå andre støttespelarar som til dømes vår leverandør av bedriftshelsetenester Stamina Helse eller frå Frm-personal. Framlegging av sjukefråværstal og statstikk har heimel i arbeidsmiljølova § 5-1 og i folktrygdlova § 25-2.

Statistikken frå Sogn og Fjordane fylkeskommune omfattar opplæringssektoren, tannhelsetenesta og sentraladministrasjonen kvar for seg. Sentraladministrasjonen inkluderer tilsette på fylkeshusert i Leikanger og sentraladministrasjonen sin kulturavdeling og ander

avdelingar sine satellittkontor lokalisert til Storehagen Amfi i Førde. Under nemninga «Andre» har vi samla resten av organisasjonen.[i]

**4. kvartal 2013**

| Br. | Org. | Mogelege dagsverk netto | Eigenmeldte fråvær dagsverk | Sjukmeldte 1-3 dagar tal tilfelle | Fråvær 1-3 dagsverk | Fråvær 4-16 dagsverk | Fråvær 17-56 dagsverk | Fråvær >56 dagsverk | Totalt fråvær dagsverk | Fråværs prosent |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Kvinner | Sentraladm. | 22746,7 | 195,1 | 1161,8 | 198,8 | 214,4 | 198,6 | 643,2 | 1356,9 | **6,0** |
| Menn | Sentraladm. | 24639,8 | 114,2 | 524,4 | 111,2 | 144,9 | 120,4 | 262,1 | 638,6 | **2,6** |
| **Sum Totalt** | **Sentraladm.** | **47386,5** | **309,3** | **1686,2** | **310** | **359,3** | **319** | **905,3** | **1995,5** | **4,2** |
| Kvinner | Opplæring | 122175,4 | 812 | 5414,1 | 807 | 1384,3 | 2753,6 | 1281,2 | 6226 | **5,1** |
| Menn | Opplæring | 111383,7 | 495,6 | 2661,6 | 454,3 | 662,5 | 1041,9 | 998,6 | 3157,2 | **2,8** |
| **Sum Totalt** | **Opplæring** | **233559,1** | **1307,6** | **8075,7** | **1261,3** | **2046,8** | **3795,5** | **2279,8** | **9383,2** | **4,0** |
| Kvinner | Tannhelse | 20129 | 215,8 | 997,5 | 190,3 | 375,5 | 343,7 | 303,7 | 1213,2 | **6,0** |
| Menn | Tannhelse | 3562 | 21,4 | 193,4 | 21,4 | 52 | 90,4 | 51 | 214,8 | **6,0** |
| **Sum Totalt** | **Tannhelse** | **23691** | **237,2** | **1190,9** | **211,7** | **427,5** | **434,1** | **354,7** | **1428** | **6,0** |
| Kvinner | Andre | 8063,8 | 76,7 | 478,3 | 64,6 | 128,1 | 148,2 | 214,1 | 555 | **6,9** |
| Menn | Andre | 4287,6 | 19 | 108,4 | 17 | 41,5 | 63,3 | 5,6 | 127,4 | **3,0** |
| **Sum Totalt** | **Andre** | **12351,4** | **95,7** | **586,7** | **81,6** | **169,6** | **211,5** | **219,7** | **682,4** | **5,5** |
| **Sum totalt kvinner** | | **173114,9** | **1299,6** | **8051,7** | **1276,3** | **2086,5** | **3888,7** | **2442,2** | **9351,1** | **5,4** |
| **Sum totalt menn** | | **143873,1** | **650,2** | **3487,8** | **637,6** | **876,4** | **1457,7** | **1698,4** | **4138** | **2,9** |
| **SUM** | | **316988** | **1949,8** | **11539,5** | **1864,6** | **3003,2** | **4760,1** | **3759,5** | **13489,1** | **4,3** |

Tabell 1. Samla fråværsstatistikk frå 4. kvartal 2013

Tabell 1 over viser det samla sjukefråværet for heile Sogn og Fjordane fylkeskommune (alle einingane) i 4. kvartal 2013. Vi registrerte eit samla fråvær på 4,3 % ved dette kvartalet. Til samanlikning registrerte vi 4,9% ved fjerde kvartal i 2012. Sjå kommentarar knytt til sektorane under.

## 2. Kommentar til dei einskilde tenesteområda

### Tenesteområde vidaregåande opplæring

Som vanleg registrerar nokre einingar særs låge fråværstal medan andre viser høgare tal. Gjennomgåande viser dei vidaregåande skula låge fråværstal dette kvartalet. Der er registrert fire eining med fråvær over stabiliseringsmålet på 5 %. Eg kommenterer kort desse eininga sitt fråvær under. Gjennomsnittleg registrering for tenesteområdet er 4,0 % der kvinner er ute med 5,1 % av sin tilgjengelege arbeidsressurs og menn tilsvarande med 2,8 %.

**4. kvartal 2013**

| Br. | Org. | Mogelege dagsverk netto | Eigenmeldte fråvær dagsverk | Sjukmeldte 1-3 dagar tal tilfelle | Fråvær 1-3 dagsverk | Fråvær 4-16 dagsverk | Fråvær 17-56 dagsverk | Fråvær >56 dagsverk | Totalt fråvær dagsverk | Fråværs prosent |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Kvinner | Opplæring | 122175,4 | 812 | 5414,1 | 807 | 1384,3 | 2753,6 | 1281,2 | 6226 | **5,1** |
| Menn | Opplæring | 111383,7 | 495,6 | 2661,6 | 454,3 | 662,5 | 1041,9 | 998,6 | 3157,2 | **2,8** |
| **Sum Totalt** | **Opplæring** | **233559,1** | **1307,6** | **8075,7** | **1261,3** | **2046,8** | **3795,5** | **2279,8** | **9383,2** | **4,0** |

Tabell 2. Statistikk frå opplæringssektoren fjerde kvartal 2013

### Kommentar

Vi registrerar stabile, høvesvis låge fråværstal ved tenesteeiningane. To einingar (skular) registrerar fråvær over rapporteringsgrensa på 6 %. Desse er Høyanger vg skule og Øyrane vg skule. Dei registrerar høvesvis 6,08 % og 6,05 % fråvær i perioden. Dei har gjennom handsaminga i sine respektive LAMU beden om å rapportere serskild etter malen.

[i] *I gruppa «Andre» finn vi fylkesbiblioteket, fylkesarkivet inkl. kommunearkivordninga, Fylkesmusikarar, PPT Sogndal, PPT Eid/Vågsøy og sekretariatet for kontrollutvalet samt våre løna politikarar.*




Grafikk 1.) Gjennomsnittleg fråvær begge kjønn ved tenesteområdet dei vidaregåande skulane (inkludert Fagskulen i Sogn og Fjordane og landslineskulen i Aurland)

Tabellen til under viser kvar eining sine registreringar fordelt mellom høvesvis kvinner, menn og gjennomsnittet for begge kjønna. To av einingane registrerte over rapporteringsgrensa på 6 % ved dette kvartalet.

Det bør merkast at fråværet mellom kjønna er høvesvis store ved Høyanger, Øyrane, Fagskulen og ved Sogn Jord og hagebruksskule.

| Arbeidstad | KJ | Bemanning | Mogelege dagsv. netto | Egenm. fråvær dagsv. | Sjukem. dagsv | S.fråvær 1-3 dagsv | Fråvær 4-16 dagsv | Fråvær 17-56 dagsv | Fråvær > 56 dagsv | Sum fråvær dagsv | Fråværs prosent |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| ÅRDAL VIDAREGÅANDE SKULE | K | 33,0 | 6 320 | 43,3 | 280,3 | 46,3 | 73,2 | 79,9 | 124,2 | 323,6 | **5,12** |
| | M | 27,0 | 4 972 | 18,0 | 89,8 | 12,0 | 6,0 | 60,3 | 29,5 | 107,8 | **2,17** |
| ÅRDAL VIDAREGÅANDE SKULE | | **60,0** | **11 291,8** | **61,3** | **370,1** | **58,3** | **79,2** | **140,2** | **153,7** | **431,4** | **3,82** |
| LUSTER VIDAREGÅANDE SKULE | K | 34,0 | 6 403 | 50,1 | 176,0 | 44,2 | 43,3 | 127,6 | 10,9 | 226,0 | **3,53** |
| | M | 6,0 | 1 373 | 0,0 | 2,0 | 0,0 | 2,0 | 0,0 | 0,0 | 2,0 | **0,15** |
| LUSTER VIDAREGÅANDE SKULE | | **40,0** | **7 775,2** | **50,1** | **178,0** | **44,2** | **45,3** | **127,6** | **10,9** | **228,0** | **2,93** |
| SOGNDAL VIDAREGÅANDE SKULE | K | 90,0 | 18 095 | 108,5 | 502,6 | 99,1 | 215,2 | 172,2 | 124,7 | 611,1 | **3,38** |
| | M | 92,0 | 18 248 | 59,6 | 213,7 | 61,4 | 99,2 | 112,8 | 0,0 | 273,3 | **1,50** |
| SOGNDAL VIDAREGÅANDE SKULE | | **182,0** | **36 342,8** | **168,1** | **716,3** | **160,5** | **314,4** | **285,0** | **124,7** | **884,4** | **2,43** |
| HØYANGER VIDAREGÅANDE SKULE | K | 26,0 | 5 042,1 | 27,0 | 478,8 | 23,1 | 36,8 | 93,9 | 352,1 | 505,8 | **10,03** |
| | M | 25,0 | 5 061,9 | 20,9 | 88,0 | 22,9 | 13,2 | 7,8 | 65,0 | 109,0 | **2,15** |
| HØYANGER VIDAREGÅANDE SKULE | | **51,0** | **10 104,0** | **47,9** | **566,8** | **46,0** | **50,0** | **101,7** | **417,1** | **614,8** | **6,08** |
| MO OG JØLSTER VIDAREG SKULE | K | 47,0 | 8 161 | 50,6 | 117,9 | 51,2 | 45,4 | 71,9 | 0,0 | 168,5 | **2,06** |
| | M | 44,0 | 8 230 | 64,2 | 178,2 | 54,5 | 18,5 | 153,0 | 16,4 | 242,4 | **2,95** |
| MO OG JØLSTER VIDAREG SKULE | | **91,0** | **16 390,6** | **114,8** | **296,1** | **105,7** | **63,9** | **224,9** | **16,4** | **410,9** | **2,51** |
| ØYRANE VIDAREGÅANDE SKULE | K | 62,0 | 11 823 | 75,0 | 947,2 | 68,9 | 124,6 | 496,8 | 332,0 | 1 022,2 | **8,65** |
| | M | 57,0 | 12 430 | 33,4 | 412,7 | 30,8 | 56,2 | 82,2 | 276,8 | 446,0 | **3,59** |
| ØYRANE VIDAREGÅANDE SKULE | | **119,0** | **24 253,6** | **108,4** | **1 359,9** | **99,7** | **180,8** | **579,0** | **608,8** | **1 468,2** | **6,05** |
| HAFSTAD VIDAREGÅANDE SKULE | K | 45,0 | 7 818 | 43,1 | 406,4 | 50,0 | 138,7 | 240,6 | 20,3 | 449,4 | **5,75** |
| | M | 29,0 | 5 170 | 50,8 | 111,9 | 47,8 | 41,9 | 13,0 | 60,0 | 162,7 | **3,15** |
| HAFSTAD VIDAREGÅANDE SKULE | | **74,0** | **12 988,2** | **93,9** | **518,3** | **97,8** | **180,6** | **253,6** | **80,3** | **612,1** | **4,71** |
| FAGSKULEN I Sogn og Fjordane | K | 10,0 | 1 574 | 12,9 | 181,8 | 3,2 | 66,1 | 125,4 | 0,0 | 194,7 | **12,37** |
| | M | 26,0 | 4 256 | 9,2 | 43,0 | 11,2 | 0,0 | 10,0 | 31,0 | 52,2 | **1,23** |
| FAGSKULEN I Sogn og Fjordane | | **36,0** | **5 830,0** | **22,1** | **224,8** | **14,4** | **66,1** | **135,4** | **31,0** | **246,9** | **4,23** |
| DALE VIDAREGÅANDE SKULE | K | 19,0 | 3 551 | 47,8 | 185,2 | 33,8 | 46,5 | 121,3 | 31,4 | 232,9 | **6,56** |
| | M | 24,0 | 4 915 | 23,5 | 16,4 | 24,3 | 15,6 | 0,0 | 0,0 | 39,9 | **0,81** |
| DALE VIDAREGÅANDE SKULE | | **43,0** | **8 465,5** | **71,3** | **201,6** | **58,1** | **62,1** | **121,3** | **31,4** | **272,8** | **3,22** |
| FLORA VIDAREGÅANDE SKULE | K | 66,0 | 13 484 | 147,2 | 781,8 | 166,1 | 200,5 | 377,2 | 185,2 | 929,0 | **6,89** |
| | M | 56,0 | 11 400 | 70,0 | 366,7 | 58,9 | 84,1 | 124,2 | 169,4 | 436,6 | **3,83** |
| FLORA VIDAREGÅANDE SKULE | | **122,0** | **24 883,9** | **217,2** | **1 148,5** | **225,0** | **284,6** | **501,4** | **354,6** | **1 365,6** | **5,49** |
| FIRDA VIDAREGÅANDE SKULE | K | 47,0 | 10 171 | 75,6 | 300,6 | 67,3 | 124,7 | 174,2 | 10,0 | 376,3 | **3,70** |
| | M | 41,0 | 7 514 | 67,9 | 299,3 | 64,2 | 64,9 | 114,2 | 123,9 | 367,2 | **4,89** |
| FIRDA VIDAREGÅANDE SKULE | | **88,0** | **17 685,1** | **143,5** | **599,9** | **131,5** | **189,6** | **288,4** | **133,9** | **743,5** | **4,20** |
| STRYN VIDAREGÅANDE SKULE | K | 34,0 | 7 106 | 34,6 | 271,8 | 29,6 | 65,6 | 211,3 | 0,0 | 306,5 | **4,31** |
| | M | 42,0 | 8 140 | 28,4 | 145,5 | 23,4 | 25,7 | 40,8 | 84,0 | 174,0 | **2,14** |
| STRYN VIDAREGÅANDE SKULE | | **76,0** | **15 246,4** | **63,0** | **417,3** | **53,0** | **91,3** | **252,1** | **84,0** | **480,5** | **3,15** |
| EID VIDAREGÅANDE SKULE | K | 50,0 | 10 034 | 29,1 | 437,1 | 24,0 | 71,8 | 349,9 | 20,5 | 466,2 | **4,65** |
| | M | 44,0 | 8 557 | 16,9 | 327,0 | 18,9 | 91,6 | 189,4 | 44,0 | 343,9 | **4,02** |
| EID VIDAREGÅANDE SKULE | | **94,0** | **18 590,6** | **46,0** | **764,1** | **42,9** | **163,4** | **539,3** | **64,5** | **810,1** | **4,36** |
| MÅLØY VIDAREGÅANDE SKULE | K | 46,0 | 9 258 | 65,3 | 283,1 | 91,1 | 114,5 | 111,6 | 31,2 | 348,4 | **3,76** |
| | M | 43,0 | 9 085 | 24,6 | 162,4 | 20,6 | 102,4 | 64,0 | 0,0 | 187,0 | **2,06** |
| MÅLØY VIDAREGÅANDE SKULE | | **89,0** | **18 343,1** | **89,9** | **445,5** | **111,7** | **216,9** | **175,6** | **31,2** | **535,4** | **2,92** |
| SOGN JORD- OG HAGEBRUKSSKULE | K | 28,0 | 3336,1 | 2,0 | 63,5 | 9,2 | 17,5 | 0,0 | 38,8 | 65,5 | **1,96** |
| | M | 15,0 | 2 032 | 8,3 | 205,0 | 3,3 | 41,2 | 70,3 | 98,5 | 213,3 | **10,50** |
| SOGN JORD- OG HAGEBRUKSSKULE | | **43,0** | **5 368,0** | **10,3** | **268,5** | **12,5** | **58,7** | **70,3** | **137,3** | **278,8** | **5,19** |
| | K | 637,00 | 122175,30 | 812,10 | 5414,10 | 807,10 | 1384,40 | 2753,80 | 1281,30 | 6226,10 | **5,10** |
| | M | 571,00 | 111383,50 | 495,70 | 2661,60 | 454,20 | 662,50 | 1042,00 | 998,50 | 3157,30 | **2,83** |
| **Sum skulane 4. kvartal 2013** | | **1208,00** | **233558,8** | **1307,8** | **8075,7** | **1261,3** | **2046,9** | **3795,8** | **2279,8** | **9383,4** | **4,02** |

Tabell 3) Fjerde kvartal 2013 frå tenesteområdet dei vidaregåande skulane

Ved Høyanger vg skule er kvinnene vs menn høvesvis vel 10 % mot vel 2 %. Tal tilsette kvinner vs menn er 26:25. Ved Øyrane vg skule er kvinner vs menn høvesvis 8,6 % : 3,6 %. Skulen sysselset om lag like mange kvinner som menn, høvesvis 62:57. Tilsvarande tal ved Fagskulen er vel 12 % for kvinner vs vel 1 % for menn. Bemanninga er høvesvis 10:26.

Dette er problemstillingar LAMU tek opp i sine kvartalsvise møter der fråværet på individnivå vert handsama.

**Tannhelsetenesta**

Den offentlege tannhelsetenesta i Sogn og Fjordane er organisert som ein institusjon med direktør for tannhelsetenesta som øvste leiar, deretter assisterande direktør, rådgjevar og førstekonsulentar i sentral stab. Tannklinikkane rapporterer til den sentrale staben. Klinikksjefen er lokal leiar med ansvar for dagleg drift og avgrensa personalansvar ved tannklinikkane.

| 4. kvartal 2013 | | | | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | Mogelege | Eigenmeldte | Sjukmeldte | Fråvær | Fråvær | Fråvær | Fråvær | Totalt | |
| | | dagsverk | fråvær | 1-3 dagar | 1-3 | 4-16 | 17-56 | >56 | fråvær | Fråværs |
| Br. | Org. | netto | dagsverk | tal tilfelle | dagsverk | dagsverk | dagsverk | dagsverk | dagsverk | prosent |
| Kvinner | Tannhelse | 20129 | 215,8 | 997,5 | 190,3 | 375,5 | 343,7 | 303,7 | 1213,2 | **6,0** |
| Menn | Tannhelse | 3562 | 21,4 | 193,4 | 21,4 | 52 | 90,4 | 51 | 214,8 | **6,0** |
| **Sum Totalt** | **Tannhelse** | **23691** | **237,2** | **1190,9** | **211,7** | **427,5** | **434,1** | **354,7** | **1428** | **6,0** |

Tabell 4) Fjerde kvartal 2013 frå tannhelsetenesta

Ved Fjerde kvartal i fjor registrerte tenesta eit samla snitt på 8,7 %. Tale viser no ein nedgang til 6,0 %. Når vi ser på klinikknivå viser dette at 6 klinikkar/kontor som har tilnærma null fråvær (3=0/3<1) i perioden. Ti klinikkar/kontor har fråvær 6 % eller høgare. Samla registrerar tenesta 6 % og det utløyser **akkurat** kravet til eigenanalyse/eigenrapport frå eininga sitt LAMU for dette fråværet. Tannhelsetenesta er kjenneteikna av mange små eininga og vil med det få store prosentvise utslag om ein tilsett er ute i langtidsfråvær.

**Sentraladministrasjonen**

Sentraladministrasjonen har hovudsete på Leikanger – fylkeshuset samt i Storehagen Amfi, Førde der kulturavdelinga har hushald. I tillegg husar ein i Førde fleire kontorplassar for medarbeidarar frå fleire avdelingar i sentraladministrasjonen. Tilsette som høyrer til ytre kultursektor er plassert under gruppa *Andre*. Eininga er rimeleg sektordelt men har til felles at kontorarbeid kjenneteikna arbeidsmiljøet. Det er likevel variasjonar mellom sektorane/avdelingane både i storleik og sjukefråværstal. Små einingar med få tilsette vil få høge fråværstal rekna i prosent om ein eller få vert lenge borte frå arbeidet.

Samla sett registrerar sentraladministrasjonen særs låge fråværstal. Gjennomsnittet er 4,2 % der kvinner står for 6,0 % og menn 2,6 %. Men også innanfor denne eininga spriker det mellom avdelingane. Driftstenesta med sine p.t. 20 tilsette har framleis høge tal frå dette kvartalet. Gjennomsnitt er på 12 % der kvinner er registrert med 16,1 % og menn 2,5 %. Avdelingane kultur og helse, lønn og rekneskap, plan og samfunn registrerar høvesvis 7,6 %, 7,1 % og 6,9 %. Gjennomsnittleg fråværstal ligg godt under resultatsmålet for verksemda samla.

| 4. kvartal 2013 | | | | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | Mogelege | Eigenmeldte | Sjukmeldte | Fråvær | Fråvær | Fråvær | Fråvær | Totalt | |
| | | dagsverk | fråvær | 1-3 dagar | 1-3 | 4-16 | 17-56 | >56 | fråvær | Fråværs |
| Br. | Org. | netto | dagsverk | tal tilfelle | dagsverk | dagsverk | dagsverk | dagsverk | dagsverk | prosent |
| Kvinner | Sentraladm. | 22746,7 | 195,1 | 1161,8 | 198,8 | 214,4 | 198,6 | 643,2 | 1356,9 | **6,0** |
| Menn | Sentraladm. | 24639,8 | 114,2 | 524,4 | 111,2 | 144,9 | 120,4 | 262,1 | 638,6 | **2,6** |
| **Sum Totalt** | **Sentraladm.** | **47386,5** | **309,3** | **1686,2** | **310** | **359,3** | **319** | **905,3** | **1995,5** | **4,2** |

Tabell 5) Fjerde kvartal 2013 frå sentraladministrasjonen

## Gruppa *andre*

I denne gruppa finn ein ytre kultursektor med fylkesbiblioteket, fylkesarkivet inkludert kommunearkivordninga, fylkesmusikarar, (fylkessenteret for musikkterapi) og PPT i Eid/Vågsøy samt i Sogndal. Gruppa inkluderer også politikarane og sekretariatet for kontrollutvalet.

| 4. kvartal 2013 | | | | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| | | Mogelege | Eigenmeldte | Sjukmeldte | Fråvær | Fråvær | Fråvær | Fråvær | Totalt | |
| | | dagsverk | fråvær | 1-3 dagar | 1-3 | 4-16 | 17-56 | >56 | fråvær | Fråværs |
| Br. | Org. | netto | dagsverk | tal tilfelle | dagsverk | dagsverk | dagsverk | dagsverk | dagsverk | prosent |
| Kvinner | Andre | 8063,8 | 76,7 | 478,3 | 64,6 | 128,1 | 148,2 | 214,1 | 555 | **6,9** |
| Menn | Andre | 4287,6 | 19 | 108,4 | 17 | 41,5 | 63,3 | 5,6 | 127,4 | **3,0** |
| **Sum Totalt** | **Andre** | **12351,4** | **95,7** | **586,7** | **81,6** | **169,6** | **211,5** | **219,7** | **682,4** | **5,5** |

Tabell 6) Fjerde kvartal 2013 for gruppa *andre*

I denne gruppa finn vi eitt spenn mellom 0 % til 12,8 % fråvær. Gjennomsnittleg er gruppa registrert med 5,5 % fråvær i fjerde kvartal i år. Fråværet er fordelt mellom kjønna slik; kvinner 6,9 % og menn 3,0 %. Her er både høvesvis store og små grupper av tilsette. Den største eininga i gruppa utanom politikarane er fylkesarkivet (saman med kommunearkivet) som har 13 tilsette. Dei registrerar 8,3 % fråvær. Eininga bibliotekføremål med 9 tilsette registrerte 12,8 % fråvær i perioden. Det er LAMU Ytre kultursektor som rapporterer frå dette tenesteområdet.

## 3. Utvikling over tid

Den grafiske framstillinga under viser det registrerte fråværet frå første kvartal 2011 til og med 4. kvartal i 2013. Fråværet ligg framleis på eit høvesvis lågt gjennomsnitt. No ved fjerde kvartal registrerar vi ein oppgang frå den førre registreringa med 1,3 prosentpoeng.




Grafikk 2) Fråværsutvikling kvinner og menn - alle einingane frå 1. kvartal 2011 til og med 4. kvartal 2013

## 4. Årsstatistikk 2013

| Årstabell 2013 | | | | | | | | | | |
|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|---|
| Br. | Org. | Mogelege dagsverk netto | Eigenmeldte fråvær dagsverk | Sjukmeldte 1-3 dagar tal tilfelle | Fråvær 1-3 dagsverk | Fråvær 4-16 dagsverk | Fråvær 17-56 dagsverk | Fråvær >56 dagsverk | Totalt fråvær dagsverk | Fråværs prosent |
| Kvinner | Sentraladm. | 5713,8 | 70,7 | 338,9 | 74,4 | 75,5 | 84,2 | 130 | 409,6 | 7,2 |
| Menn | Sentraladm. | 5963,5 | 52,5 | 169,2 | 49,5 | 50,9 | 61,9 | 59,4 | 221,7 | 3,7 |
| **Sum Totalt** | **Sentraladm.** | **11677,3** | **123,2** | **508,1** | **123,9** | **126,4** | **146,1** | **189,4** | **631,3** | **5,4** |
| Kvinner | Skule | 30034,7 | 324,1 | 1774 | 299,5 | 492,8 | 812,6 | 493,2 | 2098,1 | 7,0 |
| Menn | Skule | 27924,1 | 238 | 795,8 | 202,6 | 222,4 | 368,6 | 240,2 | 1033,8 | 3,7 |
| **Sum Totalt** | **Skule** | **57958,8** | **562,1** | **2569,8** | **502,1** | **715,2** | **1181,2** | **733,4** | **3131,9** | **5,4** |
| Kvinner | Tannhelse | 5233,3 | 102,3 | 377,2 | 81,3 | 117,8 | 161,2 | 119,2 | 479,5 | 9,2 |
| Menn | Tannhelse | 983,7 | 8,6 | 50,6 | 8,6 | 11 | 10,8 | 28,8 | 59,2 | 6,0 |
| **Sum Totalt** | **Tannhelse** | **6217** | **110,9** | **427,8** | **89,9** | **128,8** | **172** | **148** | **538,7** | **8,7** |
| Kvinner | Andre | 2026,2 | 30,2 | 55,4 | 27,2 | 16,5 | 36,4 | 5,5 | 85,5 | 4,2 |
| Menn | Andre | 1065 | 12 | 35,1 | 8 | 10 | 23,5 | 5,6 | 47,1 | 4,4 |
| **Sum Totalt** | **Andre** | **3091,2** | **42,2** | **90,5** | **35,2** | **26,5** | **59,9** | **11,1** | **132,6** | **4,3** |
| **Sum totalt kvinner** | | **43008** | **527,3** | **2545,5** | **483,5** | **711,3** | **1140,2** | **747,9** | **3072,7** | **7,1** |
| **Sum totalt menn** | | **35936,3** | **311,1** | **1050,7** | **270,1** | **305,3** | **462,3** | **404,6** | **1361,8** | **3,8** |
| **SUM** | | **78944,3** | **838,4** | **3596,2** | **751,1** | **996,9** | **1559,2** | **1081,9** | **4434,5** | **5,6** |

## 5. Konklusjon/tilråding

Registreringane det fjerde kvartalet viste at vi låg i gjennomsnitt 0,7 prosentpoeng under stabiliseringsmålet på 5 %. Dei registrerte fråværstala syner oppgang samanlikna med førre kvartal. Trenden over tid viser stabilitet på eit høvesvis lågt nivå.

Årsstatistikken utskriven medio januar månad 2014 tek opp i seg forsømte eller utsette innlegging av faktisk fråvær i det einskilde kvartal. Årsrapporten gir no eit rett resultat for året samla. Vi registrerte samla eit gjennomsnittleg fråvær i 2013 på 5,6%. Dette ligg 0,6 prosentpoeng høgare enn stabiliseringsmålet.

Fylkesrådman oppretthеld kravet til at einingar med registret kvartalsfråvær på eller over 6 % rapporter etter den gjevne malen. Det er viktig at dei aktuelle einingane på denne måten skaffar seg eit særleg innblikk på leit etter mogeleg arbeidsmiljørelatert fråvær og med kan setje inn førebyggande tiltak.

Fylkesrådman rår til at hovudsamarbeidsutvalet tek statistikken over sjukefråværet til orientering og ber einingane følgje opp dei sjukmelde og arbeide for å identifisere årsaker og finne mottiltak til fråvær som kan vere arbeidsmiljørelaterte.